

## Romsdalseggen kan danke ut Besseggen



Romsdalseggen kan bli eit av dei nye store turismåla i Noreg.

Foto: Arnt Flatmo/www.westcoastpeaks.com

### Turistsjefen i Romsdal vil lokke fleire turistar til fjells.

OLAUG BJØRNESET  
olaug.bjorneset@nrk.no

Publisert i dag 09:14.

– Romsdalseggen er den største fjellopplevinga du kan få i Noreg, seier reiselivssjefen i Rauma, Hilde Gråberg Bakke til Nationen.

Vil utbetre Trollstigen for 14 mill  
Spent i reiselivsnæringa  
Hjørundfjorden opp som turismål

### Testa

Den nye ruta mellom Åndalsnes sentrum og Venjedalen er blitt testa av rundt 1000 personar dei siste vekene.

Dei har vore begeistra over turen, og Gråberg Bakke trur difor det skal vere muleg å danke ut Besseggen - med sine 30.000 besøkande i året.

### Ein million turistar køyrer kvart år Trollstigen, og reiselivssjefen håper å lokke fleire av desse utpå egga.

– Vi vil ikkje stele turistar frå Besseggen. Dei to rutene utfyller kvarandre med unike fjellopplevingar i ulikt landskap, seier ho til Nasjonen.

Her kan du sjå fleire bilete frå området rundt Romsdalseggen.

### Lett terreng

Reiselivsnæringa i Rauma har satsa mykje på å få til dette prosjektet.

Dei har fått 1 million kroner i støtte frå Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge, og har stor tru på at dette skal bli turen alle vil gå.

100 ting du må gjøre i fjellet  
Romsdalseggen startar og endar i sentrum av Åndalsnes, og fotturistane får tilbud om skyss inn i området. Turen går på toppen av den kvasse egga heile vegen, og terrenget er lett.

### Romsdalseggen blir no også innlemma i rutenettet til Den Norske Turistforening, og blir offisielt lansert som DNT-turmål sommaren 2011.

### Kommentarer (0)

Vær den første til å kommentere denne artikkelen.

Opphavsrett NRK © 2010



Rundt 1 million turistar kjem til Trollstigen kvart år, fleire av desse bør også til fjells, meiner reiselivssjef, Hilde Gråberg Bakke i Rauma.

Foto: Kallestad, Gorm/SCANPIX



Besseggen blir besøkt av 30.000 i året, no vil reiselivsnæringa i Rauma ha minst like mange til Romsdalseggen.

Foto: Keilen, Berit/SCANPIX

Nettsjef: Sindre Østgård  
Ansvarlig redaktør: Hans-Tore Bjerkaas  
Tips NRK  
Kontakt NRK  
Om NRK  
Hjelp